

## Sak 05-21. Deltaking i renovasjonsbenchmarking (RBM) 2021

Tilråding til vedtak:

Styret vedtek å delta i RBM 2021. Inndekking innafor kto 6790.

### Saksutgreiing

Representantskapet etter tilråding frå styret, gjorde i samband med sist rullering av strategiplan, vedtak om å delta i årleg brukarundersøking, som er ein del av RBM. Taldelen annakvart år.

RBM vert utført av Energidata AS og går i regi av Avfall Norge. Mange av avfallselskapa nyttar denne undersøkinga for å få eit samanlikningsgrunnlag på prestasjonane sine i høve dei andre i bransjen. Det som kjem fram av talgrunnlag må brukast med forstand, men enn så lenge er det det samanlikningsgrunnlaget bransjen har.

Motivasjonen for å gjennomføre den basert på 2019 tal, var å få fram eit samanlikningsgrunnlag mellom RIR, ÅRIM og VØR.

Frå og med 2020 kom Hornindal inn som del av VØR, med ny miljøstasjon og større innsamlingsdistrikt. Vi gjorde nokre driftsjusteringar i forkant av denne samanslåinga, og trur at det betra prestasjonane våre. Men treng uavhengig rapport som stadfestar dette.

Leiarane i styre og representantskapet har og signalisert ynskje om eit samanlikningsgrunnlag med SSR. Då trengst og at RBM vert gjennomført, og at SSR gjer tilsvarande vedtak.

Mvh  
Petter Bjørdal

